



Kommuneøkonomi 2021 – 2024

Statsforvaltaren har gått gjennom budsjett og økonomiplanar for 2021 – 2024 til alle 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal¹, og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova.

Gjennomgangen til Statsforvaltaren viser at fleirtalet av kommunane i Vestland planlegg dei neste fire åra med låge/svake netto driftsresultat og sterk auke i lånegjelda. Det er først og fremst 2021 som er budsjettert med svake resultat og større auke i gjelda. Styrkinga av resultatata frå 2022, må sjåast i samanheng med gjennomføring av større planlagde innsparingar. Dette er med å bidra til ein positiv effekt for den frie eigenkapitalen i drifta, gjennom auka disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene.

Sidan Bergen kommune grunna sin storleik er i ei særstilling, har vi også kommentert den samla situasjonen der Bergen ikkje er medrekna.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat blir betrakta som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Dette viser kva kommunen kan disponere til eigenfinansiering av investeringar og avsetjingar, etter at drift av tenester og netto finansutgifter er betalte. Det tekniske berekningsutvalet for kommunal økonomi (TBU) har ei norm for kommunane som heilheit, som er eit netto driftsresultat over tid på 1,75 prosent av driftsinntektene. Dette må til for å ta vare på kommunanes formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.

I sum budsjetterer dei 43 kommunane i Vestland med eit netto driftsresultat i 2021 på 173 mill. kroner, som i gjennomsnitt utgjer 0,3 prosent av driftsinntektene. Men Bergen kommune står for meir enn heile resultatet åleine, 218 mill. kroner. Det betyr at dei andre 42 kommunane i gjennomsnitt budsjetterer med negativt resultat (- 45 mill.). Berre sju av kommunane har budsjettert med eit netto driftsresultat som ligg over TBU`s anbefalte nivå. I 2020 var resultatet 1,9 prosent, ekskl. Bergen 1,6 prosent.²

For økonomiplanåret 2022 er resultatet i gjennomsnitt budsjettert med 1,3 prosent (1 prosent ekskl. Bergen). Dette er òg nivået for dei to siste åra i økonomiplanperioden, med forventa resultat på 1,2 prosent både i 2023 og 2024. Dette ligg likevel under det anbefalte nivået på 1,75 prosent.

Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Disposisjonsfond er kommunens frie eigenkapital som kan disponerast i drifta eller til eigenfinansiering av investeringar. Men disposisjonsfondet skal først og fremst vere ein bufferkapital/reserve som bidreg til å sikre ein langsiktig stabil tenesteproduksjon om det skulle oppstå uføresette hendingar som belastar økonomien. Minimumsnivået for disposisjonsfond må vurderast ut i frå den enkelte kommunes økonomiske risikoprofil. Statsforvaltaren meiner at for kommunane som heilheit, bør minimumsnivået til disposisjonsfond vere over 5 prosent av driftsinntektene.

¹ Alle tal er for kommunekassa, ekskl. kommunale føretak og anna verksemd som kommunen er ein del av.

² Kjelde for alle 2020-tal: SSB-statistikkbanken.

Ved inngangen til 2021 var samla disposisjonsfond til kommunane i Vestland på 5,8 mrd. kroner (ekskl. Bergen 3 mrd.). Dette utgjorde 10 prosent av driftsinntektene i 2020 (8,7 prosent ekskl. Bergen).

For 2021 budsjetterer kommunane i Vestland med samla netto bruk av disposisjonsfond på 130 mill. kroner (ekskl. Bergen 93 mill.). Dette utgjør 0,2 prosent av driftsinntektene. Vidare i økonomiplanperioden er det som følgje av betre resultat i drifta, kvart år budsjettert med netto avsetjingar til disposisjonsfond. Ved utgangen av økonomiplanperioden i 2024 er samla disposisjonsfond budsjettert til 6,4 mrd. kroner, som òg betyr ein prosentvis auke samanlikna med driftsinntektene.

Langsiktig gjeld

Ved inngangen til 2021 hadde kommunane i Vestland til saman ei brutto langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikingar) på 60,8 mrd. kroner (ekskl. Bergen 40,3 mrd.). Gjelda utgjorde 106 prosent av driftsinntektene i 2020 (ekskl. Bergen 118 prosent).

For 2021 budsjetterer kommunane med nye låneopptak på 6,2 mrd. kroner, eller 11 prosent av driftsinntektene (ekskl. Bergen 4,1 mrd. / 13 prosent). Avdrag er budsjettert til 2,2 mrd. kroner (ekskl. Bergen 1,4 mrd.). I økonomiplanane budsjetterer kommunane samla med ei auke i gjelda til 73 mrd. kroner ved utgangen av 2024 (ekskl. Bergen 47 mrd.). Ei slik utvikling vil vidareføre dei seinare års auke av lånegjelda samanlikna med driftsinntektene, og for mange kommunar føre til at det blir endå vanskelegare å skaffe balanse i drifta. Det blir difor viktig at kommunane har gode analyser som viser utvikling og samansetjing av gjelda med graden av netto renteeksponering-/risiko. Dette for å ha eit godt grunnlag når det skal takast avgjerder om nye investeringar finansiert med lån.

Nye kommunar frå 2020

Etter det første driftsåret for dei ni nye kommunane i Vestland, har vi samla sett nærmare på økonomisk status og budsjettering ut i frå sentrale økonomiske nøkkeltal. Dei nye kommunane har samanlikna med driftsinntektene i gjennomsnitt svakare netto driftsresultat, lågare disposisjonsfond og høgare lånegjeld enn gjennomsnittet for alle kommunane i Vestland. Etter planane skal dei nye kommunane gjennomføre større omstillingar/innsparingar, og i 2024 vere meir lik gjennomsnittet for netto driftsresultat og disposisjonsfond. Men lånegjelda vil framleis vere høgare enn gjennomsnittet for alle kommunane i Vestland. Etter våre vurderingar, er hovudforklaringa på svakare økonomi for dei nye kommunane, at fleire av dei tidlegare kommunane hadde låge netto driftsresultat og disposisjonsfond etter 2019, og gjorde vedtak om større investeringar finansiert med lån.

Økonomiforvaltning etter kommunelova

Statsforvaltaren har også i 2021 hatt særleg merksemd på korleis kommunane har følgd opp den nye kommunelova frå 2020. Samanlikna med 2020, så følgjer kommunane betre opp dei formelle lov- og forskriftskrava. Men det er framleis kommunar som har vanskar med dette. Etter dialog med kommunar dette gjeld, har formalkrav blitt retta opp administrativt eller kommunestyret må gjere ny handsaming og vedtak. Såleis står det framleis att endelege vedtak i kommunestyra i Lærdal og Aurland om budsjett og økonomiplan.

At kommunane følgjer formalkrava, er nødvendig for at kommunestyra skal gjere sine prioriteringar og vedtak. I budsjettbrevane til kommunane har vi formidla våre økonomiske vurderingar ut i frå status og slik økonomien er planlagt for dei nærmaste åra. Eit viktig grunnlag

for slike vurderingar er kommunestyra sine vedtak om finansielle måltal (handlingsreglar), og korleis dette blir følgt opp gjennom planlegging og styring av økonomien.

Vedlagt ligg oversyn for sentrale økonomiske nøkkeltal etter kommunanes budsjettering i perioden 2021 – 2024 og budsjettbrev fra Statsforvaltaren til kommunane.